

Bli lærebedrift

For å bli lærebedrift og kunne inngå lærekontrakt med ein lærling for første gong, må verksemda godkjennast av fylkeskommunen.

ARTIKKEL

SIST ENDRET: 25.04.2022

Kvifor bli lærebedrift?

- De tilfører bedrifta ny kompetanse.
- Etter endt læretid får de tilgang til å rekruttere dyktige medarbeidarar som kjenner verksemda dykkar.
- Det er økonomisk gunstig fordi lærebedrifter mottar tilskot.
- De tar samfunnsansvar ved å gi ungdommar og vaksne moglegheit til å fullføre ei fagutdanning.

[Bestill lærlingmerket.](#)

Korleis bli lærebedrift

For å bli godkjent som lærebedrift føreset det at bedrifta kan gi opplæring i kompetansemåla i læreplanen for faget. Bedrifta må utvikle ein intern plan for opplæringa. Bedrifta må også ha ein fagleg leiar som har hovudansvar for å sikre at lærlingen får opplæringa han har krav på. Dersom ei bedrift ikkje har

moglegheit til å gje opplæring i alle kompetansemåla i læreplanen, kan bedrifta samarbeide med eit opplæringskontor eller med andre bedrifter i ein opplæringsring.

Ta kontakt med fagopplæringskontoret i fylkeskommunen for å søkje om godkjenning.

Kontrakt

Når verksemda er godkjend som lærebedrift, set bedrifta i gang ein rekrutteringsprosess. Bedrifta og lærlingen teiknar ei lærekontrakt og arbeidsavtale. Lærekontrakten må godkjennast av fylkeskommunen. Bedrifta har løn- og arbeidsgivaransvaret.

Lærekontraktar og opplæringskontraktar

Utdanningsdirektoratet har fastsett skjema for lære- og opplæringskontraktar:

- [Lærekontrakt – bokmål \(pdf\)](#)
- [Lærekontrakt – nynorsk \(pdf\)](#)
- [Vedlegg til lærekontrakt – bokmål \(pdf\)](#)
- [Vedlegg til lærekontrakt – nynorsk \(pdf\)](#)
- [Opplæringskontrakt – bokmål \(pdf\)](#)
- [Opplæringskontrakt – nynorsk \(pdf\)](#)
- [Vedlegg til opplæringskontrakt – bokmål \(pdf\)](#)
- [Vedlegg til opplæringskontrakt – nynorsk \(pdf\)](#)

Krav til lærekontraktar og opplæringskontraktar er regulert i opplæringslova.

Tilskot

Lærebedrifter mottar eit tilskot til opplæring for kvar lærling, praksisbrevkandidat, lære kandidat og kandidat for fagbrev på jobb.

Merkeordning for lærebedrifter

For å gje lærebedriftene ei moglegheit til å synleggjere at dei tar samfunnsansvar gjennom å gi ungdommar og vakse moglegheit til å fullføre ei fagutdanning, har vi etablert ei merkeordning for godkjende lærebedrifter som har minst ein lærling.

Godkjende lærebedrifter med minst ei aktiv lærekontrakt kan bestille lærlingmerket via et bestillingsskjema.

Utdanningsdirektoratet oppmodar forbrukarar til å velje godkjende lærebedrifter med lærlingar. Ved å nytte dette merket er det enklare for forbrukarar å finne fram til slike bedrifter.

I Nasjonalt register for lærebedrifter kan de søkje opp aktive lærebedrifter.

Lærlingar

Gjennom ordninga yrkesfagleg fordjuping kan bedrifter få kjennskap til potensielle framtidige lærlingar.

På våre sider om korleis følge opp lærling i bedrift får de tips og råd om korleis de kan planleggje og gjennomføre opplæringa.